

Fra: Grethe Marie Sandvik[]

Sendt: 10.06.2021 11:29:00

Til: b.lie.nilsen@gmail.com[b.lie.nilsen@gmail.com]

Kopi: Sigbjørn Øye[sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no]; Terje

Natland[terje.natland@kvinnherad.kommune.no]; sjmehl@knett.no[sjmehl@knett.no]; post@rosendalutvikling.no[post@rosendalutvikling.no];

Tittel: SV: Stadfesting/aksept for tilrettelegging av turveg på kommunal eigedom, 83/39 og 83/62, Elvaborgjo, Rosendal

Hei igjen.

Viser til forespørsel som gjeld å fullføre tilrettelegging av elvasti på kommunal eigedom 83/39 og 83/62, Elvaborgjo i Rosendal.

Jobben er ein del av arbeidet for å gjere elvaborjo tilgjengeleg for ålmenta ved å opparbeide sti/veg som er tilgjengeleg for barnevogner, rullestolbrukarar og andre.

Kvinnherad kommune ,v/avdelingsleiar byggesak og geodata, Natalie M. Sæberg har no gitt tilbakemelding på at planlagt tiltak som gjeld ferdigstilling av sti på elvaborgjo frå der stien sluttar i dag til stabbesteinar, og grusing av eksisterande sti ca 150 m, ikkje er søknadspliktig.

Natalie M. Sæberg meiner at andre tiltak, som gjeld graving, planering, legging av kablar, bru mm i området frå brua og heilt ned til sjøen truleg vil vere søknadspliktig, og må drøftast med Kvinnherad kommune byggesak.

Sidan planlagt arbeid er i eit regulert friluftsområde, og nær eksisterande veg, så ber vi om at opparbeidinga av tursti, grusing mm skjer så skånsamt som mogleg, og at det vert tatt særleg omsyn slik at det ikkje vert gjort skade på folk eller bilar ved arbeidet.

Kommunen som grunneigar er positive og glad for at det er eit tydeleg lokalt engasjement for å gje eit løft for sentrumsområdet i Rosendal, men må presisere at kommunen dessverre ikkje har avsette midlar/økonomi eller tilsette for å drifte dette området,

slik at arbeidet de gjer må skje for eigne rekning og risiko, og med eige utstyr.

Lykke til med arbeidet!

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Frå: Bente Nilsen <b.lie.nilsen@gmail.com>

Send: torsdag 20. mai 2021 10:22

Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>; Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>

Kopi: Sigbjørn Øye <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>; sjmehl@knett.no; post@rosendalutvikling.no

Emne: Re: Stadfesting/aksept for tilrettelegging av turveg på kommunal eigedom, 83/39 og 83/62, Elvaborgjo, Rosendal

Hei

Visar til kommunikasjon og godkjenning ang ferdigstilling av arbeid langs elvaborgjo på 83/39 og 83/62.

Bkk v/ Kjell Enes avventar no på avklaring fra Kvinnherad Kommune v/Terje Natland. Pris er avklara med entreprenør.

Hadde vore fint om arbeidet kunne starta og avsluttast før sesongen i området er i full gang.

Dette arbeidet blir eit løft for heile sentrumsområdet.

Mvh.

Bente Lie Nilsen

Rosendal Utvikling

92 44 47 14 | B.Lie.Nilsen@gmail.com

tor. 6. mai 2021 kl. 14:26 skrev Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>:

Hei

Viser til forespørsel som gjeld å fullføre tilrettelegging av elvasti på kommunal eigedom 83/39 og 83/62, Elvaborgjo i Rosendal.

Jobben er ein del av arbeidet for å gjere elvaborjo tilgjengeleg for ålmenta ved å opparbeide sti/veg som er tilgjengeleg for barnevogner, rullestolbrukarar og andre.

Meininga med prosjektet er at strekninga frå Skåla bru og ned til elvaosen skal bli ein liten park med sti og sitjegrupper.



Kvinnherad kommune som eigar av eigedommen 83/39 og 83/62 stadfester med dette at vi samtykker til arbeidet som er avtalt.

Sidan arbeidet er planlagt i eit regulert friluftsområde, og nær eksisterande veg, så ber vi om at opparbeidinga av tursti mm skjer så skånsamt som mogleg, og at det vert tatt særleg omsyn slik at det ikkje vert gjort skade på folk eller bilar ved arbeidet.

Fint om de kunne sende meg avtalen og gjerne skisse over planlagt arbeid til orientering.

Med helsing

Grethe Sandvik | Eiendomsforvaltar Teknikk og miljø

Mobil: +47 918 99 796

www.kvinnherad.kommune.no |



Tenk miljø før du skriv ut!

Fra: Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>

Sendt: onsdag 5. mai 2021 13:55

Til: Grethe Marie Sandvik <grethe.marie.sandvik@kvinnherad.kommune.no>

Emne: VS: ref. tlf samtale

Kommentar?

Med helsing

Terje Natland | Einingsleiar Veg og Park
Mobil: +47 995 74 121

Fra: Bente Nilsen <b.lie.nilsen@gmail.com>

Sendt: onsdag 5. mai 2021 12:01

Til: Terje Natland <terje.natland@kvinnherad.kommune.no>

Kopi: Rosendal Utvikling <rosendalutvikling@gmail.com>; Svein Jarle Mehl <sjmehl@knett.no>

Emne: ref. tlf samtale

Hei og takk for hyggeleg samtale.

Er det muleg at den avtalte jobben BKK skulle fullføra etter kabelnedlegging for 2 år sidan kan gjennomførast no?

Der er pris innhenta og kontakt/avtale med BKK er ok. BKK og entreprenør avventar kun ein aksept fra grunneigar KK om oppstart.

Den jobben vil bidra til at området blir meir tilgjengeleg for alle og framstår ryddig.

Deretter kan det formast nødvendige avtalar for vidare utvikling av området.

Bente Lie Nilsen

Rosendal Utvikling as

92 44 47 14 | B.Lie.Nilsen@gmail.com